

**ÅRSMELDING
ÅRSREKNESKAP**

HORDALAND TEATER LL 2013



HORDALAND TEATER

25 år og like? kan fyllest ut etter behov og ønske.

Jubileumsåret 2013 har blitt feira med urpremierar, bok og stadige store sprang.

Vi har fått vite, for dei som ikkje visste det frå før, kvar teateret kom frå, og vegen dit vi er i dag. John Stavland skriv i sitt forord til jubileumsboka: "Hordaland Teater 25 år": vil dokumentere den lange, kronglete og mangfaldige vegen mange har gått for å etablere Hordaland Teater, og ikkje minst dokumentere aktiviteten til det kanskje mest mangfaldige og fargerike teateret i Noreg dei siste 25 åra. Mot slutten av boka uttalar Fylkesordførar Tom-Christer Nilsen, Hordaland fylkeskommune: "Vi gratulerer med 25 årsjubileet og ser fram til å ta i mot Hordaland Teater i Bergen sentrum. Men det er neste kapittel i saga".

Kvar dag arbeider vi for at dette skal verte ein realitet innan kort tid. Dette var den opprinnelege planen, for snart 40 år sidan; eit nynorsk teater for Vestlandet med sete i Bergen. Ein eigen spelestad i Bergen sentrum vil vere avgjerande for teateret si framtid dersom ein ønskjer eit sterkt nynorsk barne- og ungdomsteater i Noreg. Hordaland, Vestlandet og Noreg har her ein unik moglegheit til å skape eit teater, ein institusjon som er spesialist på dette feltet. Hordaland Teater (HOT) er, og kan utviklast vidare til å vere eit kompetanse-senter innanfor sin eigenart og nisje for heile Noreg.

Vårt samfunnsoppdrag er å lage framsyningar utanom den kommersielle marknaden, lage framsyningar som går utanfor det reint underhaldande, som utfordrar, skapar debatt og problematiserer «vedtekne sanningar», ofte i eit intimt format. Kvar barn og kvar ungdom skal sjåast og oppleve at «denne framsyninga er til meg». Vi vil gje den beste kunsten i Noreg til denne gruppa.

HOT vil forsterke publikum sitt språkmedvit i deira eige «nynorsk-land». Dei aller fleste kommunane i Hordaland er nynorsk-kommunar og derfor er det viktig at nynorsken får ein sentral og sjølvstøtt plass i vår scenekunst. På denne måten vil vi delta i medvitsgjeringa om at: «språk er identitet».

HOT hadde 3 urpremierar i 2013 med aktuelle problemstillingar for barn og unge, frå sorgarbeid, språk, verdisyn, til å tru på det ein ikkje ser.

HOT hadde samarbeid med DNT og SOFT, om framsyninga "Ein god dag kjem aldri for tidleg" som var ein hyllest til språkáret, Ivar Aasens 200 års jubileum, DNT sitt 100 års jubileum og vårt 25 års jubileum.

HOT var ein attraksjon med vår versjon av "Peter og Ulven" under Festspillene i Bergen, og seinare på turne.

HOT tok opp sorgarbeid når din beste venn døyr av kreft i "goodbye & farvel"

HOT besøkte barnehagar med framsyningane "Heksestrekar" og "Egget". Desse tek vi med oss vidare i 2014.

HOT avslutta med "Stille natt" under Førjul på Stend.

Takk for eit aktivt og mangfaldig år.

Trond Birkedal
Teatersjef

STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2013

Styret sitt arbeid i 2013 har vore omfattande og mangfaldig.

Internt har fokus vore på å førebu organisasjonen på framtidige endringar, med flytting og vidareutvikling av teateret i Bergen sentrum. Det har mellom anna blitt satt i verk prosess for å styrke leiinga av teateret. Eksternt har arbeidet halde fram med å finne nye lokale i sentrum av Bergen for ein fast spelestad for Hordaland Teater.

Arbeidet med Hordaland Teater har også i 2013 hatt følgjande visjon som målberar:

Hordaland Teater skal vere eit profesjonelt, uredd og sjenerøst teater som skal gi gode teateropplevingar i Hordaland og på Vestlandet. Hordaland Teater skal fremje nynorsk og dialekt og ny norsk dramatik, særleg for barn og unge, men også vere open for å spele for eit vakse publikum.

Med utgangspunkt i denne visjonen har styret – i samarbeid med dei tilsette – arbeidd vidare med strategiplanen for perioden 2011-2013:

1. HORDALAND TEATER - EIT SYNLEG TEATER LOKALISERT I BERGEN SENTRUM.
2. HORDALAND TEATER - EIN ATTRAKTIV SAMARBEIDSPARTNAR
3. HORDALAND TEATER - EIT TEATER MED GODT OMDØME BLANT PUBLIKUM OG SAMARBEIDSPARTNARAR.
4. HORDALAND TEATER - MED EIN KOMPETENT ORGANISASJON
5. HORDALAND TEATER - MED AUKA ØKONOMISK HANDLINGSROM

I 2013 blei ressursane innanfor HOT retta mot delmåla som omhandlar samarbeid og lokalisering i Bergen sentrum. HOT søker stadig samarbeid, både på kunstnarleg plan og gjennom ressurs- og kompetanseutveksling. Det er etablert samarbeid både med kunstnarlege og ikkje kunstnarlege organisasjonar.

Til lokalisering i Bergen sentrum blei det sett i gang produksjon av ein kravspesifikasjon som skal vise HOT sine behov i høve flytting.

Styret og dei tilsette skal i 2014 samlast for å evaluere teateret sine strategimål. I 2014 skal vi halde fram med å vidareføre vårt viktige arbeid med å:

- Ta barn og barn sine livsverd på alvor, og gje dei teater av høg kunstnarleg kvalitet.
- Lage teater som overraskar, utfordrar, rører og pirrar nysgjerrigheita til vårt unge publikum.
- Søke samarbeid med andre ikkje-kommersielle samfunnsaktørar med fokus på barn og unge, og med innspel frå desse samarbeidspartnarane, gje kunsten vår viktige og utvida innhald.

Hordaland Teater har også i 2013 hatt eit godt samarbeid med Kultur Vest AS. Arbeidet med flytting av teateret til sentrum og etablering av Nynorskscenen Hordaland Teater, har hatt høgste prioritet- og vil styrkast i 2014. Hordaland Teater har god dialog om flytteprosessen og øvrige strategimål, både med den politiske leiinga og kulturleiinga i fylkeskommunen.

Styret takkar dei tilsette, både dei faste og dei på engasjement, for innsatsen i 2013.

Styret takkar vidare alle samarbeidspartnarar som Hordaland Teater har hatt i 2013 og ser fram til vidare utfordrande og engasjerande samarbeid.

Økonomi

Hordaland Teater hadde i 2013 eit driftstilskot frå staten på kr. 10.862.000 og frå fylkeskommunen på kr 5.195.000. Eigeninntekta i 2013 var kr. 2.040.117.

Resultatet for 2013 syner eit overskot på kr 724.636

Eigenkapitalen pr. 31.12.13 er på kr. 1.834.153.

Teateret har altså ein positiv eigenkapital, og føresetnaden for vidare drift er tilstades. Oppspart eigenkapital skal mellom anna nyttast i arbeidet med å etablere nytt lokale i Bergen sentrum.

Arbeidsmiljø

Arbeidsmiljøet på Hordaland Teater er delt opp i tre forskjellige retningar. Desse tre er; det fysiske arbeidsmiljøet, det psykososiale arbeidsmiljøet og til slutt det organisatoriske arbeidsmiljøet.

Når det gjeld det fysiske arbeidsmiljøet har Hordaland Teater gode rutinar for HMS på scenerigg, arbeid med kjemiske midlar og maling. Verneutstyr er tilgjengeleg, og ein del av budsjettet til produksjonsavdelinga er reservert for nytt verneutstyr.

Det psykososiale arbeidsmiljøet har i 2013 blitt styrka med både eit felles strategiseminar, der både styret og alle fast tilsette var tilstades, og ein felles studietur til Stockholm.

I 2013 har Hordaland Teater arbeidd vidare med det organisatoriske arbeidsmiljøet. Det har blitt vidareutvikla planleggingsverktøy, og ei felles plattform til forbetring av informasjonsflyt innanfor Hordaland Teater.

Teateret har HMS-tiltak og arbeidsmiljøet er tilfredsstillande. Teateret har hatt eit lågt sjukefråver i 2012. Det blir i 2013 sett i gong eit HMS prosjekt for å vidareutvikla organisasjonen med sikte på å vere godt rusta til flyttinga av teateret til Bergen sentrum.

Sjukefråversstatistikken for 2013 er om lag 7 %. Herav var det 3 langtids sjukemelde.

Kultur Vest AS

Hordaland Teater er ein av luteigarane i Kultur Vest AS. Styreleiar er medlem av AU i Kultur Vest AS.

Norsk Teaterleder Forum, Norsk Teater- og Orkesterforening

Hordaland Teater er medlem av Norsk Teater- og Orkesterforening, og dermed også tilknytt arbeidsgjevarorganisasjonen Spekter.

Teatersjef og direktør er medlemmar av Norsk Teaterleder Forum.

BERGEN, 29.04.2014
STYRET FOR HORDALAND TEATER LL

BIRTHE ERIKSEN
STYRELEIAR

TROND BIRKEDAL
TEATERSJEF

LIV ULVØY
STYREMEDLEM

KRISTIAN HELLAND
STYREMEDLEM

DAG RUNE MO
STYREMEDLEM

EVA SUNDE
STYREMEDLEM

IRENE SMØRDAL
STYREMEDLEM

SAMARBEIDSAKTØRAR 2013

Sogn og Fjordane Teater

I 2013 hadde Hordaland Teater turnesamarbeid med SOFT om ”goodbye & farvel!” med i alt 13 framsyningar på turné i Sogn og Fjordane i samarbeid med DKS Sogn og Fjordane. Hordaland Teater samarbeidde også om kabareten : «Ein god dag kjem aldri for tidleg» som var ein samarbeidsproduksjon med Sogn og Fjordane Teater og Det Norske Teatret i samband med Språkåret 2013.

Det Norske Teatret

Hordaland Teater samarbeidde med Det Norske Teatret om kabareten : «Ein god dag kjem aldri for tidleg» som var ein samarbeidsproduksjon med Sogn og Fjordane Teater og Det Norske Teatret i samband med Språkåret 2013.

Hordaland Teater samarbeidde også med Det Norske Teatret om planleggjinga av Jon Fosse-framsyninga «HAV» som har premiere i 2014.

Den kulturelle skolesekken - Hordaland

Hordaland Teater hadde eit nært og godt samarbeid med DKS Hordaland om turné i Hordaland med «goodbye & farvell!» , (20 framsyningar) «Ein god dag kjem aldri for tidleg» (13 framsyningar) og «Peter og Ulven» (27 framsyningar.)

Hausten 2013 samarbeidde vi med DKS Hordaland om turnélegging av ”I Guds Namn” for vinteren 2014.

Den kulturelle skolesekken – Bergen

I 2013 samarbeidde Hordaland Teater med DKS Bergen om ”Peter og Ulven” (7 framsyningar) 2 av framsyningane vart vist på Kirkevoll skole 27 sept., og 5 av framsyningane skal spelast i Maartmannshaven i mars 2014.

Før jul 2013 samarbeidde Hordaland Teater med DKS Bergen om speleperioden på «I Guds namn» på Logen Teater i januar -14.

Den kulturelle bæremeisen – Bergen

Hordaland Teater samarbeidde med DKB – Bergen om ”Egget ” i 2013. 10 framsyningar vart spelte på turnè direkte ut til barnehagar i Bergen.

DUS (Den unge scenen: 2011/ 2012 / 2013) er eit samarbeid mellom Den Nationale Scene, Hordaland Teater og Vestlandske Teatersenter.

DUS vil styrke ungdomsteateret i Noreg gjennom å tilby nyskrivne tekstar/konsept for aldersgruppa 13–19 år, der ungdom spelar for ungdom.

Ungdomsgruppene produserer og framfører tekstane/konsepta under profesjonell rettleiing frå eit vertsteater. I 2013 var det regional DUS – festival på DNS der teatersjef Trond Birkedal representerte Hordaland Teater i juryen.

PROSCEN : Hordaland Teater er medlem av Proscen (Produsent enhet for Scenekunst) som er lokaliserte i Bergen. Tilsette ved teateret har ved fleire høve levert fagleg innhald til kurs og

workshops i regi av Proscen. Våren -13 hadde vi praktikant utplassert frå Proscen som arbeidde med «Peter og Ulven».

Bondeungdomslaget i Oslo: Hordaland Teater samarbeidde med BUL Oslo om planleggjinga av Jon Fosse-framsyninga «HAV» som har premiere i 2014.

Festspillene i Bergen: I 2013 hadde Hordaland Teater samarbeid med Festspillene om «Peter og Ulven» som hadde urpremiere og vart spelt under FiB i 2013.

Vi samarbeidde også med FiB om planleggjinga av Jon Fosse-framsyninga «HAV» som har premiere i 2014.

VilVite: Hordaland Teater har hatt samarbeid med VilVite rundt planleggjing av «Magnet» som skal spelast på VilVite hausten 2014.

CELLista-PROduktion: Cellista Produktion med Eline Sundal, er kunstnarleg samarbeidspart på «Magnet» som vi startar prøvar på i april 2014. Den skal spelast på VilVite hausten -14. Mykje av det kunstnarlege forarbeidet med «Magnet», inkludert ei veker workshop, vart gjennomført i 2013.

Kultur Vest AS


Hordaland Teater er ein av luteigarane i Kultur Vest AS. Styreleiar er medlem av AU i Kultur Vest AS og har delteke på møte i 2013. I samarbeid med Kultur Vest AS vart det 2013 utarbeidd ein lokaliseringsrapport om spelestad for Hordaland Teater i sentrum av Bergen.

Norsk Teaterleder Forum, Norsk Teater- og Orkesterforening

Hordaland Teater er medlem av Norsk Teater- og Orkesterforening, og dermed også tilknytt arbeidsgjevarorganisasjonen Spekter. Teatersjef og direktør er medlemmer av Norsk Teaterleder Forum.

Andre samarbeid

Hordaland Teater har i 2013 på det tekniske plan samarbeidd med Carte Blanche, Den Nationale Scene og Masi KK. Samarbeidet har stort sett handla om lån av teknisk utstyr og utveksling av kompetanse og tenester.



*Katrine Lunde Mackenzie, Siren Jørgensen og Randolph Walderhaug
frå samarbeidsproduksjonen «Ein god dag kjem aldri for tidleg» Foto: Dag Jenssen*

REPERTOAR 2013

goodbye & farvel!

Noregspremiere på Logen Teater 18.januar 2013.

Av Kamilla Wargo Brekling, Lars Dammark og Anders Valentinus Dam

Opprinneleg produsert i Danmark av Teater O i samarbeid med Nørregaards Teater.

(Urpremiere i 2010)

Handlar om å ta famntak med døden, om å seie farvel og ta avskjed med sin aller beste venn. Det handlar om gutefantasiar, draumar og håp, og om den aller siste turen i ein stor feit Mercedes E270 med langt bagasjerom og høge vindaugo.

Trass i alvorlege tema som sjukdom og død, er goodbye & farvel! ei humoristisk og rørende framsyning med omdreiingspunkt om to menns forsøk på å seie ordentleg farvel til deira beste venn, Nikolaj.

Original instruksjon:

Kamilla Wargo Brekling

Regi og tilpassing til norsk:

Anders Valentinus Dam

Omsetjing og språkleg tilretteleggjing:

John Stavland

Scenografi:

Claus Helbo og Anders Dam

Lysdesign:

Antonio Rodrigues-Andersen

Lyddesign:

Teater O

Komponist av "Nikolaj og "Havnen":

Kenneth Thordal

Medverkande:

Espen Sandvik og Åsmund Breide Eike

Lyd- og lysteknikar:

Mathias Grønsdal Johannesen

Sceneteknikar:

Cristiano Mira Lopes

Turne i Hordaland for Den kulturelle skolesekken

Turnesamarbeid med Sogn og Fjordane Teater og DKS Sogn og Fjordane

Noregspremiere på Logen Teater 18.januar 2013.

Framsyningar 2013:

9 Logen Teater,

2 på Hordaland Teater

20 på turne i Hordaland (DKS Hordaland)

13 på turne i Sogn (DKS Sogn og Fjordane)

Tilskodarar Hordaland: 2626

Tilskodarar Sogn: 1547

Alder: ungdom

HEKSESTREKAR

Urpremiere 28. september 2012 på Barnas Kulturhus
Av Ljudmil Nikolov og Trond Birkedal

I ei svart/kvit verd lever ein konge med si prinsesse, og ei heks med si kråke. Prinsessa sin song gir kongen makt over folket, men så ein dag oppdagar prinsessa leiken gjennom ein sommarfugl..... Heksestrekar blir fortalt gjennom teikning og musikk. Scenografien er to store teikneblokkar og rekvisittar, og karakterar blir til mens du ser på. Barnet brukar ofte teikneaktivitetar til å bearbeide inntrykk både frå leiken og det verkelege liv. Slik vert Heksestrekar som ei fortsetjing av aktivitetar som barna er godt kjende med.

Regi:	Trond Birkedal
Scenografi:	Ljudmil Nikolov,
Rekvisittar:	Britt Koldal
Medverkande:	Ljudmil Nikolov og Jan Holden
Lyd programmerer:	Mathias Grønsdal

Framsyningar på turne i Bergen og Hordaland: 18
Tilskodarar: 1105
Alder: frå 3 år

EGGET

Urpremiere 1992 Stord Kulturhus
Av Ljudmil Nikolov

Gjennom song, musikk, humor og alvor tek Ljudmil med seg barna til bonden sin gard. Der møter dei hunden, katten, grisen, kua, eit egg og kyllingen. Dette er ein klassikar frå Hordaland Teater som har gleda svært mange små og store. Etter 13 år har vi no henta fram igjen denne perla for barn frå 3 år og oppover!

Regi:	Trond Birkedal
Scenografi:	Ljudmil Nikolov
Dokker:	Ljudmil Nikolov
Medverkande:	Ljudmil Nikolov
Teknikar:	Linbjørg Sæterdal

Turne i Bergen og Hordaland
(10 framsyningar for Den Kulturelle Bæremeisen i Bergensområdet)

Framsyningar: 43
Tilskodarar: 2697

Alder: frå 3 år

PETER OG ULVEN

Urrpremiere 23.mai i Maartmannshaven på Radisson Blu Hotel Norge under Festspillene i Bergen.

Av Sergej Prokofjev

Arrangementet er tilrettelagd av Karoline Krüger og vidare utarbeidd i samarbeid med musikarane.

Ein oppjazza familieversjon av Prokofjevs kjente musikkeventyr!

«Peter og Ulven» er eit eventyr der musikken og instrumenta utgjer karakterane. Her er det ikkje først og fremst ord, men musikk som ber fram sjølve historia og handlingane.

Regi:

Trond Birkedal

Scenografi:

Trond Birkedal og Cristiano Mira Lopes

Kostymedesign:

Åse Hegrenes

Koreografi:

Hilde Sol Erdal

Omsetjing frå engelsk til nynorsk:

John Stavland

Forteljar, melodika og bandleiing:

Karoline Krüger

Accordion:

Jostein Stalheim

Tuba:

Magnus Brandseth

Trompet:

Are Ovesen

Cello:

Eline Sundal

Lydteknikar:

Kristian Børve

Systove:

Britt Koldal

Speleperiode under Festspillene i Bergen mai 2013, turne i Hordaland haust 2013.

Framsyningar:

9 i Maartmannshaven, Radisson Blu Hotel Norge


1 på Hordaland Teater

30 på turne (27 DKS Hordaland)

2 for DKS Bergen

Tilskodarar: 3984

Alder: frå 4 år / Familie



*Karoline Krüger og Are Ovesen frå «Peter og Ulven»
Foto: Tor Erik H. Mathiesen*

EIN GOD DAG KJEM ALDRI FOR TIDLEG

Urpremiere 6.sept.2013 på Logen Teater

Premiere 10.oktober 2013 på Scene 3 på Det Norske Teatret

Premiere 12.november 2013 i Solund Idrettsbygg

Eit samarbeid mellom Det Norske Teatret, Sogn og Fjordane Teater og Hordaland Teater

Denne framsyninga er eit resultat av eit samarbeid med Hordaland Teater, Sogn og Fjordane Teater og Det Norske Teatret. Trass i at det er mykje som skil desse tre teatera frå kvarandre, har dei likevel ein viktig fellesnemnar: alle har nynorsk som hovudmål. Og det er nettopp nynorsken som står i sentrum i «*Ein god dag kjem aldri for tidleg*». Framsyninga skal vere ei slags feiring av nynorsken, i høve Språkåret.

Konsept og regi:

Dramaturgar:

Scenograf:

Lysdesignar:

Rekvisitør:

Musikkansvarleg:

Kostymekoordinator:

Koreografisk assistanse:

Medverkande:

Piano/trekkspel:

Bass/cello:

Fiolin:

Inspisient:

Sceneansvarlege:

Ingrid Weme Nilsen

Ola E Bø og Bodil Kvamme

Mia Runningen

Fabian den Otter

Tone Bernhoft Osa

Svenn Erik Kristoffersen

Benedicte Folkman

Niklas Gundersen

Siren Jørgensen, Katrine Lunde Mackenzie og Randolph Walderhaug.

Carl Fredrik Falkenberg

Ole Marius Melhuus

Rannveig Ryeng

Hedda Rønneberg

Tryggve Ildahl/Pelle Dengsø

Framsyningar 2013 i Hordaland:

14 på Logen Teater (7 av desse for DKS Hordaland)

16 på turne i Hordaland (13 av desse for DKS Hordaland)

Tilskodarar: 4912

Det Norske Teatret:

Framsyningar: 13


Tilskodarar: 680

Sogn og Fjordane:

Framsyningar: 19

Tilskodarar: 899

Alder: ungdom/vaksne



*Katrine Lunde Mackenzie, Siren Jørgensen og Randolph Walderhaug
Foto: Dag Jenssen*

STILLE NATT - Eit draumspel

Urpremiere 30 november 2013 på Hordaland Teater

I eit ørkenlandskap møter vi ein eldgammal mann som ventar på ein engel.

Han tek oss tilbake til den gong han var gut og møtte engelen for første gong.

Den gongen ville engelen ha han med til Betlehem.

Men guten trudde ikkje på det, og han trudde heller ikkje på at ei stjerne skulle visa veg. Så han vandrar vidare og møter eit namnlaust esel og eit einsamt lam. Dessutan opplever han å få sin store draum oppfylt:

Å bli tryllekunstnar på sirkus! Men engelen kjem stadig attende og vil ha guten med.

Vil guten følge engelen? Og vil han oppleve eit mirakel?

Manus og regi:

Tore Nysæther

Scenografi og kostymedesign:

Silje Sandodden Kise

Lys- og videodesign:

Reidar A. Richardsen

Komposisjon:

Karoline Krüger

Medverkande:

Peter Bredal, Claus Sellevoll, Hilde

Trætteberg Serkland, Eline Sundal

Piano:

Helge Lilletvedt, Erik Håkon Halvorsen

Cello:

Eline Sundal

Musikals innstudering:

Helge Lilletvedt/Karoline Krüger

Inspisientar:

Dag Ove Sunde/Britt Koldal

Teknisk koordinatorar:

Sigve Sælensminde/Martin Flack

Kostymeutføring og maske:

Britt Koldal

Lydteknikar:

Kristian Børve

Lysteknikar:

Henrik Hope Hoel

Scene/rekvisittar:

Cristiano Mira Lopes

Sminke design:

Silje Lie

Snikkar:

Atle Johannesen

Dokkemakar:

Odd Kåre Stokkeland


Innfarging:

Nina Seim

Framsyningar: 31

Tilskodarar: 2867

Alder: frå 4 år /Familie



Eline Sundal - cello.

Foto: Tor Erik Mathiesen

STATISTIKK 2013

	Framsyningar Tilskodarar	
VÅR 2013:		
HEKSESTREKAR	15	939
GOODBYE&FARVEL!	44	4173
EGGET	28	1650
PETER OG ULVEN	8	910
SUM VÅR:	95	7672
HAUST 2013:		
HEKSESTREKAR	3	166
EGGET	15	1047
PETER OG ULVEN	34	3074
EIN GOD DAG KJEM	62	6491
ALDRI FOR TIDLEG		
STILLE NATT	31	2867
SUM HAUST 2013:	145	13645
SUM TOTALT 2013:	240	21317

FRAMSYNINGAR OG TILSKODARAR

Kommune	Goodbye&Farvel!		Heksestrekar		Egget		Peter & Ulven		Ein god dag kjem aldri		Stille Nat		SUM	SUM
	Fram- syningar	Til- skodarar	Fram- syningar	Til- skodarar	Fram- syningar	Til- skodarar	Fram- syningar	Til- skodarar	Fram- syningar	Til- skodarar	Fram- syningar	Til- skodarar	Frams	Tilisk
Askøy														
Austevoll									1	160			1	160
Austrheim					2	106							2	106
Bergen, Stend	2	73			1	56	1	75	4	477	31	2867	39	3548
Bergen, Logen	9	591							14	1742			23	2333
Bergen, andre			14	677	25	1550	11	1246					50	3473
Bømlo	6	552			1	102			1	320			8	974
Eidfjord					1	44	1	77					2	121
Etne														
Fedje					1	110	1	105					2	215
Fitjar	1	138											1	138
Fjell					1	50			2	400			3	450
Fusa														
Granvin					1	56							1	56
Jondal							1	83					1	83
Kvam														
Kvinnherad					6	368			1	420			1	420
Lindås													6	368
Masfjorden														
Meland							8	732					8	732
Modalen			1	62	1	56							2	118
Odda							5	476					5	476
Os			1	100			2	89	2	488			5	677
Osterøy	3	372			1	78							4	450
Radøy	1	190											1	190
Samnanger					1	68							1	68
Stord			2	266					2	470			4	736
Sund							7	682					7	682
Sveio														
Tysnes														
Ullensvang							3	275					3	275
Ulvik							2	144					2	144
Vaksdal	2	152											2	152
Voss	7	558			1	53			3	435			11	1046
Øygarden														
Utanfor fylket	13	1547							32	1579			45	3126
Sum framsyn	44	4173	18	1105	43	2697	42	3984	62	6491	31	2867	240	21317
Sum Tilisk														
Gjennomsnittlig % belegg åpne framsyningar	8 åpne	68 %	18 åpne	82 %	27 åpne	85 %	10 åpne	88 %	10 åpne	74 %	28 åpne	65 %		

% belegget gjelder bare for åpne framsyningar, og blir bare registrert for åpne framsyningar

PERSONALET

FAST TILSETTE/ ÅRSENGASJEMENT:

Trond Birkedal	teatersjef
Arne O. Thomassen	direktør
Jan Sverre Stray	organisasjons- og endringsleiar (frå 1.8)
Irene Smørdal	sals- og informasjonssjef
Solfrid Glesnes	produksjonsleiar/inspisient
Fabian den Otter	teknisk leiar
John Stavland	planleiar
Linbjørg Sæterdal	kontorsekretær
Ljudmil Nikolov	figur-/skodespelar
Britt Koldal	systove
Kristian Børve	lydteknikar
Cristiano Mira Lopes	scenearbeidar

PROSJEKT:

SKODESPELARAR:

Espen Sandvik
Åsmund Brede Eike
Jan Holden
Karoline Krüger
Jostein Stalheim
Magnus Brandseth
Are Ovesen
Eline Sundal
Siren Jørgensen
Katrine Lunde Mackenzie
Randolf Walderhaug
Peter Bredal
Claus Sellevoll
Hilde Trætteberg Serkland

TEATERINSTRUKTØRAR:

Anders Valentinus Dam
Trond Birkedal
Tore Nysæther
Ingrid Weme Nilsen

KOREOGRAFAR:

Hilde Sol Erdal
Niklas Gundersen

SCENOGRAFAR/KOSTYME/DOKKER:

Britt Koldal
Claus Helbo
Anders Dam
Åse Hegrenes
Silje Sandodden Kise
Odd Kåre Stokkeland
Silje Lie
Nina Seim
Mia Runningen
Trond Birkedal
Cristiano Mira Lopes

INSPISIENTAR:

Dag Ove Sunde
Britt Koldal
Millan Persdotter Persson (praktikant utplassert frå Proscen)

SNIKKARAR:

Atle Johannesen

KOMPONISTAR:

Karoline Krüger
Kenneth Thordal (Komponist «Nikolaj» og «Havnen» frå goodbye &farvel!)

FORFATTARAR:

Kamilla Wargo Brekling
Lars Dammark
Anders Valentinus Dam
Tore Nysæther

DRAMATURGAR:

Ola E Bø
Bodil Kvamme

MUSIKARAR:

Karoline Krüger
Helge Lilletvedt
Erik Håkon Halvorsen
Eline Sundal
Magnus Brandseth

Are Ovesen
Jostein Stalheim
Carl Fredrik Falkenberg
Ole Marius Melhuus
Rannveig Ryeng

MUSIKKARRANGEMENT:

Karoline Krüger
Helge Lilletvedt

LYSDESIGN:

Antonio Rodrigues-Andersen
Fabian den Otter
Reidar Richardsen

LYDDESIGN:

Teater O

VIDEODESIGN:

Reidar Richardsen

TEKNISK:

Henrik Hope Hoel
Mathias Grønsdal Johannesen
Sigve Sælensminde
Martin Flack

STYRET

Styret i Hordaland Teater har i 2013 hatt 8 styremøte. Til saman har 61 saker vore til handsaming. Generalforsamlinga vart halde 23. april 2013 på Stend Hovedgård.

Styresamansetjing før Generalforsamlinga 2013:

Birthe Eriksen	styreleiar	representant Hordaland Fylkeskommune
Liv Ulvøy	styremedlem	representant Hordaland Fylkeskommune
Vegard Ask	styremedlem	representant Hordaland Fylkeskommune
Dag Rune Mo	styremedlem	representant Hordaland Fylkeskommune
Eva Sunde	styremedlem	representant andre eigarar
Irene Smørdal	styremedlem	representant tilsette
Silje Hjemdal	Vara	representant Hordaland Fylkeskommune
Alexander F. Andersen	Vara	representant Hordaland Fylkeskommune
Marit Askeland	vara	representant andre eigarar
John Stavland	Vara	representant tilsette

Styresamansetjing etter Generalforsamlinga 2013:

Birthe Eriksen	styreleiar	representant Hordaland Fylkeskommune
Liv Ulvøy	styremedlem	representant Hordaland Fylkeskommune
Vegard Ask	styremedlem	representant Hordaland Fylkeskommune (til 1.09.13)
Kristian Helland	styremedlem	representant Hordaland Fylkeskommune (frå 1.09.13)
Dag Rune Mo	styremedlem	representant Hordaland Fylkeskommune
Eva Sunde	styremedlem	representant andre eigarar
Irene Smørdal	styremedlem	representant tilsette
Silje Hjemdal	vara	representant Hordaland Fylkeskommune
Alexander F. Andersen	vara	representant Hordaland Fylkeskommune
Marit Askeland	vara	representant andre eigarar
John Stavland	vara	representant tilsette

Teatersjefen har møtt på styremøta. Sekretær for styret er direktør.

EIGARTILHØVE:

Hordaland Fylkeskommune	240 luter
Vestlandske Teatersenter	80 luter
Folkeakademiet Hordaland	20 luter
Hordaland Ungdomslag	20 luter
Hordaland Mållag	20 luter
Voksenopplæringsforbundet	20 luter

HORDALAND TEATER LL

		2013	2012
RESULTATREKNESKAP			
DRIFTSINNTEKTER			
Eigne inntekter		1 793 450	932 714
Tilskot	8	15 627 000	15 149 000
Andre inntekter		246 667	105 362
SUM DRIFTSINNTEKTER		<u>17 667 117</u>	<u>16 187 075</u>
DRIFTSKOSTNADER			
Løn og sosiale kostnader	6	9 675 276	8 537 584
Kostnader vedr. lokala		806 779	1 276 073
Reise- og transportkostnader	9	635 496	780 655
Rekvisita, dekorasjonsutstyr		686 121	749 193
Honorar, avgifter	7	2 490 386	2 959 189
Adm. kostnader	10	408 889	421 530
Bilutgifter		276 512	302 001
Sal og informasjon	11	414 859	340 546
Ordinære avskrivninger	4	281 202	242 186
Andre driftskostnader		1 282 125	731 173
SUM DRIFTSKOSTNADER		<u>16 957 647</u>	<u>16 340 130</u>
DRIFTSRESULTAT		<u>709 470</u>	<u>-153 055</u>
FINANSPOSTAR			
Utbytte		832	792
Renteinntekter		23 356	9 744
Anna renteinntekt		0	570
Rentekostnader, gebyr		9 021	6 859
SUM FINANSPOSTAR		<u>15 166</u>	<u>4 247</u>
ÅRSRESULTAT		<u>724 636</u>	<u>-148 808</u>
ÅRSRESULTATET ER DISPONERT SLIK:			
Overført til anna egenkapital		724 636	-148 808
SUM ÅRSOPPGJERSDISPOSISJONAR		<u>724 636</u>	<u>-148 808</u>

HORDALAND TEATER LL

		2013	2012
BALANSE			
EIGEDLAR			
ANLEGGSMIDDEL			
Varige driftsmiddel	4	818 800	635 982
SUM ANLEGGSMIDDEL		<u>818 800</u>	<u>635 982</u>
FINANSIELLE ANLEGGSMIDDEL			
Lutar	5	25 000	25 000
SUM FINANSIELLE ANLEGGSMIDDEL		<u>25 000</u>	<u>25 000</u>
OMLØPSMIDDEL			
Kundekrav		646 688	124 468
Andre krav	3	1 036 813	1 042 164
Forskot løn		0	17 360
Lutar	5	23 265	23 265
Kasse, bankinnskot, postgiro		2 236 619	1 221 856
SUM OMLØPSMIDDEL		<u>3 943 385</u>	<u>2 429 113</u>
SUM EIGENDELAR		<u>4 787 185</u>	<u>3 090 096</u>
EIGENKAPITAL OG GJELD			
EIGENKAPITAL			
Aksjekapital	2	100 000	100 000
SUM INNSKOTEN KAPITAL		<u>100 000</u>	<u>100 000</u>
OPPTENT EIGENKAPITAL			
Annan egenkapital		1 734 153	1 009 516
SUM OPPTENT EIGENKAPITAL		<u>1 734 153</u>	<u>1 009 516</u>
SUM EIGENKAPITAL		<u>1 834 153</u>	<u>1 109 516</u>

HORDALAND TEATER LL

		2013	2012
GJELD			
AVSETJING FOR FORPLIKTINGAR			
Uforsikra pensjonsforplikting	12	30 780	61 560
SUM AVSETJING FOR FORPLIKTINGAR		<u>30 780</u>	<u>61 560</u>
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		541 952	600 359
Forskotstrekk og andre trekk i løn		456 691	291 735
Skuldig arbeidsgjevaravgift		391 939	259 717
Skuldige feriepengar		815 785	767 208
Anna kortsiktig gjeld		715 885	0
SUM KORTSIKTIG GJELD		<u>2 922 252</u>	<u>1 919 019</u>
SUM GJELD		<u>2 953 032</u>	<u>1 980 579</u>
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		<u>4 787 185</u>	<u>3 090 096</u>


BERGEN, 29.04.2014
 STYRET FOR HORDALAND TEATER LL



 BIRTHE ERIKSEN
 STYRELEIAR


 TROND BIRKEDAL
 TEATERSJEF


 LIV ULVØY
 STYREMEDLEM


 KRISTIAN HELLAND
 STYREMEDLEM


 DAG RUNE MO
 STYREMEDLEM


 EVA SUNDE
 STYREMEDLEM


 IRENE SMØRDAL
 STYREMEDLEM

HORDALAND TEATER L/L – NOTAR TIL ÅRSREKNESKAPEN 2013

NOTE 1: REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak. Følgjande vesentlege rekneskapsprinsipp er nytta:

Inntekter og utgifter

Inntekter resultatførast når dei er opptente. For tenester er det normalt sett i takt med at tenesta blir levert. Utgifter kostnadsførast i same periode som tilhøyrande inntekt.

Anleggsmidlar / Varige driftsmidlar

Anleggsmidlar omfattar eigendelar som er til varig eige. Med varig meinast over eit år frå balansedagen.

Varige driftsmidlar blir vurderte til historisk kost etter frådrag for planmessige avskrivningar. Utgifter forbunde med normalt vedlikehald og reparasjonar blir løpande kostnadsført. Utgifter ved større utskiftingar og fornyingar som aukar driftsmidlanes levetid vesentleg, aktiverast. Varige driftsmidlar med avgrensa økonomisk levetid, avskrivast over levetida.

Nedskrivning av varige driftsmidlar og immaterielle eigendelar skjer ved indikasjon på verdifall som testast mot nedskrivingskriteriet. Dersom nødvendig foretas nedskrivning til verkeleg verdi. Nedskrivning gjennomførast dersom balanseført verdi overstig dagens verkelege verdi av eigendelen, og verdifallet ikkje er forbigåande. Dagens verkelege verdi er definert som det høgaste av netto salsverdi og bruksverdi estimert som diskonterte kontantstraumar.

Omløpsmidlar

Omløpsmidlar omfattar normalt postar der meininga er realisering innan eit år frå balansedagen. Omløpsmidlar verdsetjast til lågaste verdi av kostpris og antatt verkeleg verdi.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar balanseførast til pålydande beløp etter frådrag for avsetjing til forventa tap. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei einiskilde fordringane.

Gjeld

Langsiktig gjeld omfattar gjeld der meininga er tilbakebetaling seinare enn eit år frå balansedagen og vurderast til opptakskost. Dersom antatt verkeleg verdi av langsiktig gjeld er større enn den balanseførte gjelda, skrives gjelda opp til verkeleg verdi, med mindre gjeldsøkninga er forbigåande.

Kortsiktig gjeld omfattar gjeld der meininga er tilbakebetaling innan eit år frå balansedagen og verdsetjast til høgaste verdi av opptakskost (kostpris) og antatt verkeleg verdi.

Endring av rekneskapsprinsipp og korrigerering av feil

Endring av rekneskapsprinsipp og korrigerering av feil i tidlegare års regnskap vert ført direkte mot eigenkapitalen. Omarbeiding av samanlikningstal til føregåande årsrekneskap ved endringar i rekneskapsprinsipp blir ikkje gjort.

NOTE 2: EIGARTILHØVE

Luteklasse	Antall lutar	Pålydande pr lute	Pålyande totalt
Ordinære lutar	400	250	100 000

Luteigar ordinære luter	Antall lutar	Eigarandel/ stemmerett ihht vedtektene
Hordaland Fylkeskommune	240	60 %
Vestlandske Teatersenter	80	20 %
Hordaland Ungdomslag	20	5 %
Hordaland Folkeakademi	20	5 %
Hordaland Mållag	20	5 %
Voksenopplæringsforbundet	20	5 %
Sum:	400	100 %

NOTE 3: AKTIVERTE FRAMSYNINGSKOSTNADER

Av andre krav på kr 1 036 813, er kr. 557 118 aktiverte framtidige framsyningskostnader. Dette er kostnader som er betalte i 2013, men gjeld framsyningar som vert viste i 2014 eller seinare.

HORDALAND TEATER L/L – NOTAR TIL ÅRSREKNESKAPEN 2013

NOTE 4: VARIGE DRIFTSMIDLAR

	Kostpris pr 01.01.13	Akkumulert avskrivningar 01.01.13	Bokført verdi 01.01.13	Tilgang/ avgang 2013	Årets avskrivning	Bokført verdi 31.12.12
Driftsmiddel						
Møblar, inventar	546 408	240 410	305 999	133 528	124 927	314 600
EDB-utstyr	174 298	107 009	67 289	93 364	47 053	113 600
Innreiing, nybygg	311 820	311 820	-	-	-	-
Sceneutstyr	434 099	182 366	251 733	27 123	89 956	188 900
Verktøy m.v	-	-	-	210 006	12 706	197 300
Ombygging lokale	65 777	54 816	10 961	0	6 561	4 400
Sum	1 532 402	896 421	635 982	464 020	281 202	818 800

NOTE 5: LUTAR

Hordaland Teater L/L eig også 396 lutar i DnB Nor ASA vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi pr. 31.12.

Lutane vart tildelt Hordaland Teater L/L då Gjensidige Forsikring vart omdanna til aksjeselskap.

I 2010 blei det investert kr 25 000,- i ein lute i Kultur Vest AS. Luten er vurdert til kostpris.

NOTE 6: SPESIFIKASJON AV LØN

Totalt lønningar	7 075 088
Totalt pensjonskostnader	850 938
Arbeidsgjevaravgift	1 191 012
Totalt andre ytingar	558 238
Sum løn og sosiale ytingar	9 675 276

YTINGAR TIL LEIANDE PERSONAR

Løn til teatersjef	677 060
Andre ytingar teatersjef	226 791
Styrehonorar, totalt	0
Sum ytingar	903 851

Hordaland Teater L/L har 12 årsverk i 2013.

Teateret har oppfylt sin plikt til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

NOTE 7: HONORAR OG AVGIFTER

Honorar regnskap/revisjon	180 743
Honorar teknisk personale	447 059
Honorar andre	424 158
Kunstnarlege honorar	1 438 427
Sum honorarar og avgifter	2 490 386

Av honorar til revisor er kr. 26 500 for revisjon og kr.6 000 for andre tenester. Beløpa er eks. mva.

NOTE 8: TILSKOT

Staten	10 862 000
Hordaland Fylkeskommune	5 195 000
Bergen Kommune	195 000
Dramatikkens hus	50 000
Sparebanken Vest	25 000
Periodisert tilskot	(700 000)
Sum tilskot	15 627 000

NOTE 9: REISE- OG TRANSPORTKOSTNADER

Transportutgifter	-
Diett, nattillegg	139 162
Bilgodtgjersle	25 148
Reisekostnad	446 352
Andre turneutgifter	24 835
Sum reise- og turneutgifter	635 496

NOTE 10: ADMINISTRASJONSKOSTNADER

EDB kostnader	-
Møblar	10 560
Kontorrekvisita	91 733
Aviser, tidsskrifter	18 444
Telefon	129 130
Porto	1 473
Kontingenter	121 241
Blomar, gåver	5 953
Møteutgifter styret	30 357
Sum administrasjonskostnader	408 889

NOTE 11: SAL OG INFORMASJON

Reklamekostnader	392 111
Representasjon	22 748
Sum sal og informasjon	414 859

HORDALAND TEATER L/L – NOTAR TIL ÅRSREKNESKAPEN 2013

NOTE 12: Pensjonsforpliktingar

Hordaland Teater har pensjonsforpliktingar knytt til AFP-ordninga. AFP-ordninga omfattar 9 tilsette i alderen 40 år til 66 år. Pensjonsforpliktingane har tidlegare år vore balanseført i samsvar med hovudregelen i rekneskapsloven § 4-1 første ledd nr. 3 og § 6-2 tredje ledd. Frå og med 2012 har selskapet valt å ikkje balanseføre pensjonsforpliktinga knytt til AFP-ordninga i samsvar med NRS 8 God rekneskapsskikk for små føretak pkt.6.1.1.1.1, jf. § 4-1 andre ledd. Per 31.12.13 er det ein tilsett som har teke ut AFP-pensjon. Denne forpliktinga er balanseført og er berekna på grunnlag av eigenandel for heile perioden inkludert arbeidsgjevaravgift.

Til årsmøtet i Hordaland Teater LL

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Hordaland Teater LL som viser eit overskot på kr 724 636. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2013, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna internasjonale revisjonsstandardar fastsette av International Auditing and Assurance Standards Board. Revisjonstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisande bilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til Hordaland Teater LL per 31. desember 2013, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg.

Utsegn om andre tilhøve

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleig registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Bergen, 29. april 2014

Fakta Revisjon AS

Rannveig Furelid
statsautorisert revisor